

**Statens vegvesen**

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest
avdeling Sogn og Fjordane

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ole Martin Lilleby - 57724056

Vår referanse:
2010/151715-003

Dykkar referanse:
NVE 200901128-54

Vår dato:
12.07.2011

Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk - Gloppen kommune

Vi syner til brev 11.04.2011 og informasjon på NVE sine nettsider.

Da Breim Kraft AS har prioritert å søke konsesjon for alternativ A1 og A2, som begge har inntak ved Høylo og utløp 1,3 km sør for Storelva, er våre merknader knytt til dette alternativet.

Ved utløpet til Breimsvatnet vil etablering av tipp for tunellmassar, kraftstasjon og anna infrastruktur få store konsekvensar for fylkesveg 694. Konsesjonssøknaden er ikkje detaljert nok til at vi kan gje ein grundig vurdering av dei trafikale tilhøva, både dei midlertidige og permanente, i dette området. Når det eventuelt vert aktuelt med ei utbygging så ber vi Breim Kraft AS ta kontakt med oss slik at vi saman kan kome fram til ei løysing. Den geologiske rapporten viser til at det har vore fleire steinsprang sør for den planlagde kraftstasjonen. I samband med sprengingssarbeid må ein derfor vurdere om det vert nødvendig med tiltak som sikrar at det ikkje kjem stein ned på fylkesvegen. Når ny 22kv kabel skal gravast ned langs fylkesvegen må dette søkast om etter vanlege rutinar. Ved Høylo må det langs fylkesveg 695 søkast om etablering av avkøyrslar der det vert nødvendig.

Vi ber om at våre merknader vert teke med i det vidare arbeidet ved etablering av Breim kraftverk.

Plan- og forvaltningsseksjonen
Med helsing

Vigdis Lobenz
for Vigdis Lobenz
seksjoneleiar

Ole Martin Lilleby
Ole Martin Lilleby

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Gloppen kommune, Firdavn. 6, 6823 Sandane